



GEOFF BERNER: Kanadiaren var første mann ut under årets Ranglerock. Publikum verka godt nøgde med opp-tredenen. - Det var både song og standup, meiner Kristin Gjerdevik.

Fullt hus på Ranglerock

Både fredagens og lørdagens konsertar i Bryne mølle blei seld ut då årets Ranglerock gjekk av stabelen i helga.

ELLEN WALDELAND
SKOGLAND | tekst og foto
ellen@jbl.no

FESTIVAL: Tradisjonen tru vart arrangert Ranglerock med konsertar, farse og etekonkurranse i midten av juli.

- Alt blei utseld og den økonomiske sida ser god ut, konstaterar ein nøgd Bjørn Hagerup Røken sunda ettermiddag. Han er PR-ansvarleg for Ranglerocken.

Tradisjon

Fredag kveld var artistar og band

som Geoff Berner, Billie Van, Hovering Orville og Hedvig Mollestad Trio å finne på scena.

- Ein finn alltid noko nytt, noko ein ikkje har høyrte før på Ranglerocken, seier Elisabeth Kverneland som, saman med venninna Kjersti Gjerdevik, hadde teke turen til Bryne mølle.

- Det er ein tradisjon å vere på festivalen. Kvar sommar har eg planlagt sommarjobbar og anna slik at eg alltid får med meg Ranglerocken, forklarar Kverneland.

Begge jentene har gjort eit poeng ut av å vere med på heile festivalen.

- Under dei første konsertane er det nok mange som sit heime på «vors», seier Kverneland.

- Ein burde vere her når det startar, og ikkje koma slenrande utpå kvelden. Dei første konsertane er ein del av opplevinga, konstaterar Gjerdevik.

Nøgd

Brynebandet Hovering Orville var godt nøgd med fredagens konsert, og ein av bandmedlemmane fekk seg ei overrasking i dei seine timane natt til lørdag.

- Ved 2-tida blei eg oppringd og spurt om eg kunne spele på ranglerfrukosten, fortel vokalist Birger Bekkeheien.

Det var eigentleg bandet Wolfpeople som skulle spelt både på frukosten og hatt ein konsert på kvelden. Men grunna flytrøbbel i London måtte bandet avlyse.

- Me har vore med tidlegare, for



ROCKA LAUS: Hovering Orville fekk det til å rikke i rockefoten til fleire av publikum

Me selde all farsen. Det var 115 kilo med farse-deig.

BJØRN HAGERUP RØKEN

eit par år sidan. Men det var kjekt å vere tilbake igjen, seier Jostein Goa, bassist i Hovering Orville.

- Det var kanonbra med folk, og me koste oss, fortel Bekkeheien.

Farsekonge

Som ved alle andre år, har farsen òg i år vore ein viktig del av festivalen. Fleire kjende fjes som Kenneth Giske, Hans Panzer (Hans Egil Løe) frå Skambankt og Tore Pang (Tore Arholm Tobiassen) frå Kriminell Kunst dukka opp under farseeting-konkurranse. Men sjølv Grete Dahle Thorsen frå 71 grader nord måtte sjå seg slått av Asle Meland.

- Det var vanskelegare enn eg hadde trudd. Eg likar godt farse og hadde trudd at det skulle gå lettare. Men det var visst nokon

med større svelgehol enn meg, humrar ho.

- Men Asle vann både overlegent og fortent, rosar ho vinnaren.

Årets vinnar er godt nøgd med sigaren han drog i land då han slukte farsen på 40 sekund. Men då Jærbladet slår av ein prat med storetaren, avbryt Frode Hagerup.

- Han er farseprinsen, ikkje konge, understrekar medarrangøren av Ranglerock, som nok sjølv vil halde på tittelen som høgaste herskar.

Det legg ikkje noko dempar på Meland.

- Eg er farsekonge heilt til neste år, smiler han.

115 kilo farsedeig

Arrangørane av festivalen støtte på eit par utfordringar i løpet av helga. Men ingenting var for stort til å kunne løysast.

- I staden for Wolfpeople fekk me inn Tom Roger Aadland Trio i siste liten. Dei syng Bob Dylan-cover songar på nynorsk, fortel Hagerup Røken, og legg til at trioan var



VOKALIST: Birger Bekkeheien er vokalist i brynebandet Hovering Orville. Han var godt nøgd med både eigen optreden og publikum under fredagens konsert.